



Hjelmeland

## Referat frå Styremøte 09.01.23

Hos Liv Inger Mæland

Til stades: Liv Inger Mæland, Kirsti Flatø, Kirsten Langvik, Bente Riskedal og Margrete Tytlandsvik, ref.

Fråfall: Janneke Wijergangs

Janneke overtar Rekneskapen frå Margrete som fortset som sekretær.

### Arrangement utanom egne opne program:

Onsdag 18.jan. Helsestasjonen arrangerar middag for elevane på Årdal skule. Hjelmeland bk. deltek i middagslaginga. Liv Inger samordnar dette.

Onsdag 15. febr. Årsmøte frivilligsentralen. Hjelmeland bk. lagar kveldsmat. Liv Inger og Kirsten ordnar det.

Årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag 24.-25. mars på Bryne kro-og hotell. Påmeldingsinfo kjem seinare.

### Vårprogrammet 2023

Hjelmeland bygdekvinnelag har fått kr. 39100,- frå Gjensidigestiftelsen gjennom Rogaland bygdekvinnelag sitt samordna prosjekt «Bygdekvinner nyt(ter) maten». Me forpliktar oss til å arrangera 3 tilstelningar i 2023 etter det budsjettet me søkte på.

Standbuen vil laga ein reportasje om dette. Monica Sivertsen møter på Fossane gard måndag 13. febr. kl.10.00. Janneke, Liv Inger og Margrete stiller.

### Onsdag 22. februar Tradisjonsmat frå andre kulturar på Hjelmeland ungdomsskule.

Inngår i prosjektet «Bygdekvinner nyt(ter) maten»

Frivilligsentralen v/Åsmund finn tre kvinner frå ulike land som skal laga mat og fortelja omkring deira tradisjonar.

Når det er klart kven som stiller, vil me ha eit møte med dei på Frivilligsentralen for å utveksla informasjon og synspunkt.

### Bakedagar (kurs)

Kirsti og Kirsten har ansvar for dette. Informasjon kjem seinare. Evt. søkja Studieforbundet kultur og tradisjon om økonomisk støtte.

### Onsdag 29. mars Påskemøte på Spinneriet

Liv Vadla Hausken lagar påskedekorasjonar som vert lodda ut.

Matkomite: Kirsten, Liv Inger og Margrete.

**Søndag 4.juni Familiedag/sankedag på Fossane gard**

Inngår i prosjektet «Bygdekvinne nyt(ter) maten»

Folk i alle aldrar er velkomne.

Kurshaldar Anne Lise Gjesdal vil vera med og sankta ville vekster i nærområdet som det etterpå vert laga ulike matrettar av.

**Det vert ein del dugnadsarbeid for styret, både dagen før og sjøve dagen**

Både Hjelmeland og Årdal 4H har sagt seg positive til å delta, gjerne med sporleik/natursti.

**Laurdag 24. juni Båttur til Røvær i samarbeid med Fivilligsentralen**

Informasjon kjem seinare.

Margrete Tytlandsvik, ref.